

Møtereferat

Tverrkommunal politisk styringsgruppe Kommunestruktur Herøy, Sande og Ulstein

Tid: Fredag 19.06.26, kl. 13.30–15.30

Stad: Herøy rådhus

Til stades

Herøy kommune: Ann-Kathrin (Tine) Storøy, Karl-Oskar Sævik (Teams), Trond Arne Rossi Aglen, Silje Scheide Mork (kommunikasjonsrådgjevar)

Sande kommune: Dag Vaagen, Einar Arne Ekroll, Renathe Rossi Aglen

Ulstein kommune: Stian Skorgen Scheide, Jarl Martin Møller, Erling Olav Storegjerde
(kommunikasjonsrådgjevar)

Prosjektleiing: Lars Erling Bjåstad Hovlid og Julianne Auberg Hauge

Møteleiar: Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Referent: Lars Erling Bjåstad Hovlid

Forfall

Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy), Unny Iren Haugen (Sande), Hanne Notøy (Ulstein), Lisa Mari Breivik Andreson (Ulstein)

Sakliste

1. Kva tek vi med oss frå besøk til Gjøvik/Toten?
2. Konkretisering av framdriftsplan
3. Organisering, involvering og medverknad
4. Eventuelt

Sak 1: Kva tek vi med oss frå besøk til Gjøvik/Toten?

Dei fleste medlemne i den tverrkommunale styringsgruppa deltok på studietur til Gjøvik/Toten 11.–12. juni. Kommunane på Gjøvik og Toten stilte med svært mange av dei sentrale aktørane i prosessen kring ei eventuell strukturendring. Turen vart difor opplevd som særskilt nyttig og lærerik.

Følgjande innspel vart vurderte som særleg viktige i det vidare arbeidet:

- Det er viktig å leggje ein tydeleg plan for når og korleis den politiske ja/nei-debatten skal gjennomførast etter at intensjonsavtalen er ferdig. Ein bør søkje å involvere lokalaviser og andre for å leggje til rette for denne debatten.
- Toten hadde fleire tilleggsutgreiingar og tilleggsnotat. Utgreiinga som 3K har bestilt frå Telemarksforsking er meir omfattande enn den Toten hadde i første omgang, og det kan difor vere mogleg å klare seg med færre tilleggsutgreiingar og notat.

- Administrasjonen (kommunedirektør) si rolle bør avklarast: Skal administrasjonen vere «nøytral», eller skal det leggjast fram ei tydeleg innstilling?
- Kommunane bør ha ein felles og tydeleg plan for innbyggjarinvolvering. God kommunikasjon er avgjerande for tillit, og det bør utarbeidast ein eigen kommunikasjonsplan.
- Deltakinga i folkerøystinga var høg, og digital røysting såg ut til å fungere godt.
- Tidleg avklaring av nytt kommunenamn i Toten verka kontraproduktivt og avspora delar av debatten. Namnespørsmålet bør difor kome seint i prosessen, kanskje etter eit mogleg vedtak om samanslåing.
- Godt politisk eigarskap er avgjerande. I tillegg til formelle avgjerdspunkt bør det vere faste løypemeldingar i kommunestyre, råd og utval, og det bør vurderast korleis gruppeleiarane kan involverast meir gjennom prosessen.
- Involvering av tilsette, tillitsvalde og hovudverneombod er viktig for å sikre medverknad og tillit i prosessen.
- Toten-kommunane hadde ei omfattande administrativ organisering. Vi kan lære noko av dette, men bør ikkje gjere organiseringa større enn nødvendig.
- Alternativet som til slutt vart løysinga, verka underkommunisert, medan 0-alternativet i liten grad var synleg. Dette bør takast omsyn til i den vidare prosessen.

Sak 2: Konkretisering av framdriftsplan

Prosjektleiar gjekk gjennom framdriftsplanen som ligg til grunn for søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet, og løfta fram følgjande punkt som bør avklarast vidare:

- Bør det gjennomførast folkerøysting, innbyggjarhøyring eller begge delar?
- Framdrifta fram mot valet i 2027, og tidspunkt for ei eventuell folkerøysting. Det vart reist spørsmål om denne bør gjennomførast før, samstundes med eller etter lokalvalet. Prosjektleiar presenterte to alternative tidslinjer: ei med folkerøysting i juni 2027, og ei der folkerøystinga er knytt til lokalvalet i 2027.
- Korleis jobbe med bearbeiding og forankring av faktagrunnlaget når dette er ferdig 23.09.26?
 - Korleis bør det arbeidast med kommunikasjon, innbyggjardialog og møteplassar?
 - Det bør gjennomførast ein open presentasjon av faktagrunnlaget for kommunestyra og andre interesserte kort tid etter at faktagrunnlaget er ferdig.
- Framdriftsplanen legg opp til at faktagrunnlaget skal handsamast politisk, med vedtak om kommunane skal gå vidare i arbeidet. Dette bør skje kort tid etter at faktagrunnlaget er ferdig.
- Fase 2 er perioden før kommunane tek stilling til om dei skal gå vidare med forhandlingar om ein intensjonsavtale. Fasen kan omfatte analysearbeid, innbyggjardialog, eventuell innbyggjarhøyring og vurdering av behov for tilleggsutgreiingar. Det bør utarbeidast ein plan for innhald og tidslinje i denne fasen.

Styringsgruppa sine konklusjonar:

- Kunnskapsgrunnlaget vert lagt fram til politisk handsaming i kommunestyra så snart som mogleg etter presentasjonen. Kommunestyra tek då stilling til om dei vil gå vidare i arbeidet med å vurdere kommunesamanslåing. Kommunane ikkje har planlagde kommunestyremøte

før i slutten av oktober og starten av november. Kommunane set opp ekstramøte kort tid etter lansering av faktagrunnlaget.

- Dersom prosessen held fram gjennom fase 1 –3, skal det gjennomførast folkerøysting basert på framforhandla intensjonsavtale. Det bør i tillegg vurderast om det skal gjennomførast innbyggjarhøyring tidlegare i prosessen. Forslag til tidspunkt for folkerøystinga vert avklart på neste møte i styringsgruppa. Konklusjonen bør forankrast i politisk sak i sambande med faktagrunnlaget.
- Det bør gjennomførast eit ope møte med presentasjon av faktagrunnlaget 24. eller 28. september. Konserthuset i Fosnavåg er oppteke. Prosjektleiar undersøker om Sjøborg eller Breidablikk er ledig, og endeleg dato vert fastsett på bakgrunn av dette.
- Nærare innhald i fase 2 (analyse, innbyggjardialog og medverknad) må avklarast på neste møte. Arbeidsgruppe for kommunikasjon og innbyggjarmedverknad utarbeider forslag til plan.

Sak 3: Organisering, involvering og medverknad

Med bakgrunn i erfaringane frå turen til Toten løfta prosjektleiar fram følgjande problemstillingar knytt til prosjektorganisering:

- Korleis sikre solid politisk eigarskap, forankring og leiing?
- Korleis få til god medverknad frå tillitsvalde og verneteneste?
- Bør det etablerast andre grupper med konkrete mandat i tillegg til tverrkommunal politisk styringsgruppe, til dømes administrativ arbeidsgruppe, arbeidsgruppe for innbyggjardialog og kommunikasjon og arbeidsgruppe for medverknad og involvering av tilsette?

Styringsgruppa sine konklusjonar:

- Ein hovudtillitsvald (HTV) frå kvar kommune vert invitert til å delta i tverrkommunal politisk styringsgruppe. Representanten frå kvar kommune skal representere dei tillitsvalde i kommunen og syte for informasjon og involvering. Prosjektleiar følgjer opp at dei tillitsvalde i kvar kommune peikar ut ein representant. Kommunedirektørane informerer dei tillitsvalde i sine kommunar.
- Eitt hovudverneombod (HVO) frå ei av kommunane vert invitert til å delta i styringsgruppa. Hovudverneombodet skal representere vernetenestene i alle kommunane og syte for informasjon og involvering. Prosjektleiar følgjer opp og sørger for at ein HVO vert utpeika.
- Det vert oppretta ei arbeidsgruppe for innbyggjardialog og kommunikasjon. Kommunikasjonsrådgjevarane frå dei tre kommunane og prosjektmedarbeidar inngår i gruppa. Forslag til mandat vert lagt fram på neste møte i styringsgruppa.
- Kommunedirektørane og prosjektmedarbeidarane inngår i ei administrativ arbeidsgruppe. Gruppa koordinerer ressursbehov, førebuing av møte og andre administrative oppgåver undervegs i prosessen.
- Eventuelle behov for andre undergrupper vert vurderte seinare.

Sak 4: Eventuelt

Demokratikonferansen vert arrangert i Ulsteinvik 29.–30. september. Tema for konferansen er lokaldemokrati og utfordrings- og framtidsbilete i kommunane, og er relevant for dei pågåande utgreiingsprosessane knytte til kommunestruktur.

Kommunestyra i dei tre kommunane er inviterte til å delta, og deltakaravgifta vert dekt av tilskotet frå Statsforvaltaren.